



Saksbehandlar: Roald Breistein  
Sak nr.: 18/1479-1

## **Ny personvernlov frå 2018 - Status for tilpassing i Sogn og Fjordane fylkeskommune**

### **Forslag til vedtak:**

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen til neste møte svare skriftleg på dei 7 spørsmåla som går fram under punktet om vurderingar og konsekvensar når det gjeld status i arbeidet med tilpassing til ny personvernlov. Det skriftlege svaret bes levert sekretariatet innan 14.03.2018.
2. I tillegg ber kontrollutvalet fylkesrådmannen om å komme i møte 03.04.2018 for å orientere munnleg om saka.

### **Vedlegg:**

Punktliste-til-ny-forordning

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **Bakgrunn for saka**

EUs personvernforordning, General Data Protection Regulation (GDPR), vil tre i kraft for alle medlemstater i EU, også for Norge i mai 2018. Dette vil medføre ei rekke endringar i norsk personvernlovgjeving.

På datatilsynet sine nettsider har vi m.a. funne ei punktliste som viser kva dei nye personvernreglane kan bety: «*Nye personvernregler fra 2018. Hva betyr det for din virksomhet*», denne ligg også ved. Meir informasjon fins på denne lenkja:  
<https://www.datatilsynet.no/regelverk-og-skjema/nye-personvernregler/>

Vidare vert det vist til folkevaldopplæringa for kontrollutvala i dei fire vestlandsfylka som vart halde i Molde 15. – 16.01.2018 der advokat Henrik Dagestad i BDO held foredrag om dette tema.

### **Vurderingar og konsekvensar**

Ut frå det som går fram over, og spesielt i høve foredraget frå BDO, kan det vera føremålstenleg at kontrollutvalet innhentar informasjon om korleis status på tilpassinga er i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Utvaelte kan t.d. be fylkesrådmannen svare på desse 7 spørsmåla:

1. Er det nokon som jobber med ny personvernlov?
2. Er det laga protokoll som viser kva som er samla inn av personopplysningar?
3. Er det inngått databehandlaravtalar, og er desse oppdatert?
4. Er det oppretta personvernombod/rådgiver?
5. Er personvernerklæringa oppdatert?
6. Er det innebygd personvern i datasystemer?
7. Er det vurdert å få vennligsinna hackere til å teste datasystemer?

## **Konklusjon**

På bakgrunn av det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen til neste møte svarer skriftleg på spørsmåla som går fram under punktet vurderingar og konsekvensar. Vidare vert det i tillegg tilrådd at utvalet ber fylkesrådmannen komme i neste møte for å orientere munnleg om saka.